

Avtale

Mellom

ATR, Nordhordland Næringspark AS

og

Statens Vegvesen Region vest (SV)

**om etablering av nytt kanalisert kryss på E39 med busslommesystem v/ Eikanger i
Lindås kommune og gang- og sykkelveg fram til kryss med Fv 397**

1. Formål med avtalen

Denne avtalen skal sikra realisering av nytt kanalisert kryss i samsvar med godkjent byggjeplan av Statens vegvesen. Prosjektet er eit rekkjefølgjekrav i reguleringsplanen for utbygginga. Arbeidet kan ikkje startast i marka før det er gitt aksept frå SV og at nødvendig/etterspurd plangrunnlag for gjennomføringa er levert i samsvar med krava.

2. Planstatus

Reguleringsplan for tiltaket Nordhordland Næringspark med tilhøyrande føresegner, utbyggingsavtale med Lindås kommune og endring av desse, er vedtatt av kommunestyret i Lindås Kommune. Godkjent byggjeplan av Statens vegvesen datert 5. mai 2016 vert gjeldande for omfanget av utbygginga.

3. Ansvarsforhold

ATR skal stå som byggherre av tiltaket og har dermed alt ansvar i forhold til byggherreforskrifta. ATR har alt ansvar opp mot entreprenør i byggetida og må dekkja alle kostnader med gjennomføring av prosjektet. Bygginga må vera i samsvar med gjeldande lover og reglar. ATR skal nytta godkjent anleggsleiar med erfaring frå tilsvarende arbeid til oppfølging og byggjelowering av prosjektet. Statens vegvesen vert invitert til oppstartsmøte og alle byggjemøter mellom byggherre og entreprenør. All kravd dokumentasjon av kvalitet og registrering etter NVDB. ATR vert ansvarleg for å levera produktet i samsvar med godkjente planar.

4. Framdriftsplan

Mellombels avkørsleløyve til rigg- og næringsparkområde vart gjeve den 4. februar 2016 og gjeld i inntil 6 månader frå denne dato. Dette løyvet er forlenga med ytterlegare 6 månader og nytt permanent kanalisert kryss med tilhøyrande busslommer skal vera ferdig etablert ikkje seinare enn 4. februar 2017. Gangvegen skal ferdigstillast i samsvar med reguleringsføresegner for Eikanger næringsområde.

Før arbeid startar opp skal Statens Vegvesen Region Vest ha godkjent byggjeplanen og kontrollplanen for vegbygget. I tillegg må TS-inspeksjon vera utført og alle rekkefølgjekrav vera med og innarbeida i kontrakta for utføring av arbeida.

5. Finansiering

Prosjektet skal finansierast fullt og heilt av ATR.

6. Kjøp av grunn

ATR er ansvarlig for erverv og betaling av nødvendig grunn og rettar for gjennomføring og sikring av nødvendig grunn til bygging og drift av prosjektet. Alt erverva areal for vegbygget vert Hordaland Fylkeskommune si eiga etter endeleg oppmåling og registreringi hjå Kartverket. Statens vegvesen skal ha inngåtte grunnavtalar til godkjenning. ATR er ansvarleg for at dette kjem på plass.

7. Byggeplan og utføring

Det skal utarbeidast byggjeplanar for ny veg i kryssområdet og det må innhentast godkjenning på kulvert/brukonstruksjonen som skal godkjennast av bruseksjonen til Statens Vegvesen, Region Vest. I tillegg skal SV godkjenne planar knytt til sikring mellom eksisterande fylkesveg med tilhøyrande gangveg og ny kommunal gangveg med undergang på E39.

SV skal bli invitert til alle byggemøte mellom byggherre og entreprenør. ATR er ansvarlig for at prosjektet vert overlevert i h.h.t. godkjende planar.

Vidare skal SV godkjenne arbeidsvarslingsplanar for prosjektet knytt til arbeidet på og inn mot eksisterande E39 med nytt kryss, busslommer og ny gang- og sykkelveg.

8. Dokumentasjon av produktet

Når bygginga er sluttført skal SV ha fått overlevert følgjande dokumentasjon:

1. Digitale ferdigvegsdata til oppdatering av FKB (FellesKartBase) og NVDB (Nasjonale VegDataBank) som spesifisert i vedlagt objektliste.
2. Geometri for gangvegen skal leverast på SOSI-format med objekttypar frå den til ei kvar tid gjeldande «Objektliste for ferdigvegsdata til kart og NVDB». SOSI-fila skal gje opplysningar om kvalitet (målemetode og stadfestingsnøyaktighet), dato (datafangstdato) og produsent. Eigenskapsdata til NVDB skal leverast på eigna format (for eksempel Excel), etter nærmere avtale. Alle data skal leverast i Euref89 og NN1954 om ikkje anna er avtalt.
3. Brudata for kulverten skal overleverast SV etter krava i bruhandboka.

Øvrige dokumentasjon skal leverast sortert og oversiktleg på papirutskrift i A4-permar og digitalt med eit tabellformat som kan lesast av Excel.

For toleransekrav vert det vist til HB N200 Vegbygging.

9. Garanti

ATR skal stille ein tenleg bankgaranti tilsvarende halve byggjekostnaden av heile prosjektet med nytt kryss og ny g/s-veg, stor kr 2.000.000.-. Garantien må vera akseptert hjå SV før vegarbeidet tar til i marka. Garantien gjeld til overtakinga av prosjektet er halden, og vert så trappa ned til 3% for dei neste 3 åra.

10. Avtaledokument

Denne avtalen føreligg i to underskrivne eksemplar, eitt hjå kvar av partane.

...Bergen..., den...18.07.16

.....
Gunnild Vangnes

Statens Vegvesen Region vest

...Bergen..., den...18.07.16

.....
Tonny Grønning

ATR
TONNY GRØNNING